



Statens vegvesen

ROSSELAND SKULE V/REKTOR

SKINTVEITVEGEN 11

5917 ROSSLAND

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Eivind Kvarekvål / 47647678	16/51017-19		04.05.2018

Fv. 564 Fløksand – Vikebø. Varsel om oppstart av reguleringsplan.

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune skal i samarbeid med Meland kommune i gang med å lage ein detaljreguleringsplan for det nemnde prosjektet. Vi ber med dette om innspel til arbeidet.

Beskriving av prosjektet

Prosjektet er tilknytt Nordhordlandspakken, prosjektnummer 4A på lista over prioriterte prosjekt. Prosjektet omfattar omlegging og utbetring av eksisterande veg og bygging av gang- og sykkelveg over ei om lag fire kilometer lang strekning mellom Fløksand og Vikebø i Meland kommune. På grunn av dårlege grunnforhold over ca. 800 meter i søndre del av prosjektet ved Leiro, vil det bli opna for ny veg aust for eksisterande trasé bakom Eidshaugane. Resten av strekninga vil bli utbeta med gang- og sykkelveg.

Målet for prosjektet er å laga eit separat tilbod til gåande og syklande på strekningen, samt utbeta busshaldeplassar. Vidare skal vegen utbeta slik at den får ein gjennomgåande standard på strekninga. Uoversiktlege kryss og avkøyrslar skal fjernast eller utbeta.

Det er gjennomført grunnundersøkingar med tilhøyrande geoteknisk fagrapport, og utarbeida silingsrapport som grunnlag for planarbeidet. Rapportane er lagt ut på <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/nordhordlandspakken> og på Meland kommune sine nettsider.

Framdrift og frist for innspel

Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til oss innan måndag 4. juni. Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til Postboks 43, 6861 LEIKANGER, eller med e-post til eivind.kvarekval@vegvesen.no. Innspel må merkast med plannamn eller saksnummer 16/51017.

Det vert invitert til folkemøte i Meland rådhus 24. mai kl. 1800.

Aktuelt regelverk

— Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Planen blir utarbeidd etter §§ 12-3 og 3-7.

Ta gjerne kontakt

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de også kontakte Eivind Kvarekvål på telefon 22073000 eller e-post eivind.kvarekval@vegvesen.no.

Med hilsen Eivind Kvarekvål

Kartutsnitt med plangrense til varsel om oppstart følgjer vedlagt.